

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR
OG VEG
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato 28/05/2024
Vår referanse 2023/36185-18
Dykkar referanse
Sakshandsamar Heidi Joki
E-post Heidi.Joki@vlfk.no
Telefon

Att.Kathrine Løne Lahlum

Oversender budsjett for arkeologisk registrering - Detaljregulering - fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen - gnr. 56 bnr. 1 m.fl. - Kvinnherad kommune

Vi viser til fylkeskommunens fråsegn datert 18.12.2023 i samband med planoppstart. Vestland fylkeskommune varsla at planområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne, og at det er naudsynt med registrering for å avklare dette forholdet, jf. lov om kulturminne § 9.

Nærare opplysningar om kulturminneregistreringa går fram av vedlagt prosjektplan, sjå også budsjett og akseptskjema.

Tiltakshavar ordnar: Det er ein fordel at tiltakshavar ordnar med gravemaskin då ein lokalt kan få betre prisar enn vi kan eller har rammeavtale. Arkeologisk registrering med maskin er presisjonsarbeid og må utførast av godkjent førar og maskin. Maskina må vere 10 – 15 tonn med pusseskuffe og rotortilt. Tiltakshavar har ansvar for gravemelding og naudsynte opplysningar om kablar, vassleidningar o.l., sjå også akseptskjemaet. Eventuelle følgjeskader (som erstatning for avlingstap, attendeføring av drenering, gjerde) er å rekne som privatrettslege forhold som blir avklara mellom tiltakshavar og grunneigar/andre.

Budsjett for registreringa er lagt ved, jf. kml. § 10. Vi tek atterhald om justering av tid knytt til førebuing, felt- og etterarbeid innanfor budsjettet og eventuell auke i satsar. Vi må også ta atterhald om ytterlegare undersøking og endring av budsjett viss planen blir endra undervegs eller ved uføresette hendingar. Kostnader til gravemaskin, gravemelding, kabelpåvising og arbeidsbrakke er ikkje inkludert i budsjettet. Tiltakshavar blir fakturert for nytta tid og kostnader.

Vi ber om at utfylt og signert akseptskjema blir returnert til post@vlfk.no v/ sakshandsamar: Heidi Joki

Vi ynskjer primært å gjere registrering i dyrka mark etter slått, evt. etter vokstersesongen om det let seg gjere i forhold til planprosessen.

Vestland fylkeskommune legg registreringa inn på arbeidsplanen når akseptskjemaet er motteke. Registreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og når dei klimatiske forholda elles gjer det mogleg. Feltsesongen vår er normalt frå april til november. De blir kontakta i forkant av registreringa.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

leiar

KFO - Arealplan

Heidi Joki

seniorrådgjevar

KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 2024-36185_Projektplan_arkeologisk registrering_fv49_Nordrepollen-Austrepollen
- 2 2024-36185_Kostnadsoverslag_arkeologisk registrering_fv49_Nordrepollen-Austrepollen
- 3 2024-36185_fv49_Nordrepollen-Austrepollen_akseptskjema

Kopi til:

KVINNHHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL